

ÅRSMELDING 2012-13

HORDALAND

SKISKYTTARKRETS



ÅRSMELDING 2012-13

HORDALAND SKISKYTTARKRETS

Administrasjon:

Sidan årsmøtet 21 mai 2012, har styre og tillitsvalde vore (talet i parentes viser rest av valperiode):

Oppe til venstre: Erling Aalvik gull stafett Jr VM 2013.

Oppe til høgre: Stafettsølv Senior NM Jori, Ann Kristin og Hilde.
Ann Kristin og Hilde også stafettgull i VM 2013.

Midten til Venstre: Martin Femsteinevik dobbelt Norgesmester menn 19 år 2013.

Nede til venstre: Vinnarar Sport 1 Cupen 2013.

Nede til Høgre: Miriam Voll sølv og bronse jenter 16 år under HL 2013.



(1).

Leiar : Bjørn Tore Årevik, Vik IL (1)

Nestleiar: Bjørn Olav Netland, Hålandsdalen (2).

Sekretær: Randi Skeie, Vik (2).

Kretsutviklar: Brith Line Øverland, Fana (1).

Kasserar: Solfrid Sørheim Valland, Kvam



Jente-/rekrutt-ansvarleg: Turid Aurdal Fosse, Voss (2).

Styremedlem: Arve Aga Haug, Odda (2).

Revisorar: Roar Bye, Fana (1).

Valnemnd: Ola Røksund, Fana (2.).

Anne Britt Hovland, Hålandsdalen (1.).

Erik Vangsnes, Hålandsdalen (3.).

Oppnemnd arbeidsutval for Team Statkraft Hordaland:

Bjørn Tore Årevik, Vik IL

Randi Skeie Vik IL

Etter årsmøte i Hordaland Skiskyttarkrets 21 mai 2012, har Bjørn Tore Årevik fortsatt som leiar.

Det har vore halde 2 styremøter i perioden. I tillegg har nokre saker vore drøfta på mail og tlf . Samhold og samarbeid mellom alle klubbane i kretsen virkar til å fungere svært godt.

Kretsarbeid:

Generelt bør ein kunna seia at kretsarbeidet har fungert godt gjennom året. Kretsen har i samarbeid med klubbane arrangert rekruttsamlingar i Vik, Voss og Hålandsdalen , og det har i tillegg vore arrangert Young Star samlingar på Voss og på Markane, der trenar 2 kurs vart arrangert samtidig. I Vik har det også vore arrangert jentesamling i samarbeid med Sogn og Fjordane krets, der deltakingen var god med 21 jenter frå 13-16 år. På denne samlingen vart det også arrangert mødrekurs med god deltaking. Det vart også arrangert gutesamling på Voss med god deltaking. I desember var det snøsamling for rekruttar på Voss , også her med stor deltaking.

Elles har Lars Fosse frå Voss og Svein Inge Wold frå Vik IL teke trenar 3 utdanning under open juniorsamling på Natrudstilen juni 2012.

Hordaland krets har i dag 100 aktive som løyser lisens (over 13 år). Dette gjer oss til den 6. største kretsen av totalt 16 kretsar i landet .

Hordaland krets har også i år gjennomført diamond league , der alle som skyter på liten blink får ein diamant som påskjønning dersom dei skyt fullt hus på renn.

Elles har kretsen organisert overnatting og lagleiing på alle NC renn denne sesongen.

Styrearbeid:

- Utarbeidd terminliste for 2012/13.
- Oppnemnd TD-ar til lokale renn.
- Organisert deltaking på HL.
- Organisert deltaking i NM for junior og senior.
- Organisert lagleiing under NC.

Heimesida til HSSK under NSSF sin portal ,vert oppdatert flittig av Brith Line Øverland, som har dette ansvaret i kretsen.

Team Statkraft:

På laget har det vore 34 løparar (10 jenter og 24 gutar). Ingvild Flatland og Bjørn Tore Årevik har vore hovudtrenarar. Det har vore gjennomført 25 samlingsdøgn fordelt på 6 samlingar. Team Statkraft Hordaland fekk tildelt midlar frå Statkraft frå sesongen 2012-2013 til og med sesongen 2017-2018. Me nyttar også ekstern ekspertise i eit godt samarbeid med Audun Svartdal og Joar Himle på skiteknikk og skyting. Team Statkraft Hordaland har som mål å rekruttere løparar inn til forbundslag og rekrutterte Martin Femsteinevik inn på juniorlandslaget til neste sesong.

Toppidrett:

Ann Kristin Aafedt Flatland og Hilde Fenne på Dame elite landslag.
Hilde Fenne og Erling Ålvik på junior-landslag. Martin Femsteinevik på junior-landslag neste sesong (2013 - 2014).

HSSK er ikkje av dei største kretsane når det gjeld tal løparar, men vi har likevel svært mange gode plasseringar å sjå tilbake på denne sesongen. Totalt denne sesongen er det oppnådd 16 individuelle NM medaljer og 1 medalje i stafett.

- Representasjon i WorldCup, JR VM og Europa-Cup.
- Hilde gode plasseringar i Jr og senior VM individuelt og stafett gull senior VM.
- Erling stafett-gull og gode plasseringar i Junior VM.
- Ann Kristin Stafett gull VM, samt 6. og 7. plass individuelt i VM.
- Gull i NM stafett. til Hilde, Ann Kristin og Jori.
- 6 medaljer i NM-junior (2 Gull til Martin, 1 Gull til Erling, Ragnhild Sølv og Heidi og Silja Bronse).
- 7 medaljer i NM rulleskiskyting. (2 Gull til Hilde, 1 Sølv til Jori og 1 Sølv til Åsne, 2 Bronse til Ingvild og 1 Bronse til Espen)
- 3 individuelle pallplassar i NC samanlagt (Birgitte nr 1, Martin nr 3, Åsne nr 3)
- MANGE pallplassar i NC.

Breiddeidrett:

Det er 7 aktive klubbar i HSSK: Fana, Hålandsdalen, Kvam, Odda, Voss, Eldar og Vik. I krets-cupen, Sport1 Cup, var det i år til saman 64 deltakarar (29 jenter og 35 gutar).

- Gode resultat i HL med 2. og 3. plass til Miriam Voll i jente 16 år .
- MANGE gode prestasjonar av rekruttane i Kvalfoss-sprinten , på Liatoppen og i Statkraft Young Star, der Miriam Voll vart nr 2.

Arrangement:

Det vart arrangert 10 renn i Sport1 Cup denne sesongen. Alle laga utanom Fana og Odda arrangerte renn. Renn i Odda vart flytta til Voss grunna snømangel. Fana har hatt funksjonerar under renn arrangert på Voss. Sport1 Cupen vart vidareført i samarbeid med Sport1 som krets-cup for 13-16 åringar og kretsrenn for dei andre klassane. Også i år stilte Dale of Norway som medsponsor og med flotte vinnarpremiar. Skytecupen vart vidareført der Silje Fosse frå Voss vart årets skyttar. Landsdelsmeisterskapen gjekk i år i Vik på Vik Skisenter. Voss SSL arrangerte HL i 2013 og skal arrangere Senior NM i 2014. Eldar er også tildelt Norgescup-renn sesongen 2013 / 2014.

Anlegg:

Kvam har oppgradert anlegget på Sjusete med ny standplass. Fana arbeider godt med planer for rulleskianlegg med standplass i Bergen.

Vik i Sogn 10.05.2012

Bjørn Tore Årevik ; kretsleiar.

Bjørn Tore Årevik